

Til helga vert Siddis Brass avvikla i Stavanger for trettiande gongen og Uskedalens dyktige solokornettist Vegard Døssland deltek. Som i fjor spelar han i sitt faste korps Jaren Hornmusikkforening. Hadeland-korpset er i elitedivisjonen og eitt av dei beste i landet. Det går på scenen laurdag ettermiddag.

Tilsaman deltek det 50 korps i år fordelt på 5 divisjonar frå elite til 4. divisjon. Rosendal er i 3. divisjon og har Yngve Nikolaisen som diigent.

Tidlegare har Vegard delteke i Siddis for Rosendal Musikklag, Sagvåg Musikklag og Tysnes Musikklag og vann solistprisen i 3. divisjon for Rosendal for 3 år sidan, Då spela også mor Torunn og søster Kaia i korpset.

No bur Vegard i Oslo men pendlar 1 time kvar veg til øving på Hadeland. Det gjer han saman med 10 andre. Han går på skule i Oslo samstundes som han livnærer seg som freelance-musikar og trompet-instruktør.

Under Siddis skal Jaren spela eit program som er skreddarsydd for konkurransen av engelskmannen Ray Farr. Han skal også dirigera korpset. Vegard strekar under at det er eit flott program som gjev grunnlag for optimisme. Ein av komposisjonane er laga av Farr og er eit større originalverk for brassbesetning, Korpset er godt rusta - mellom anna med 12 kubjøller av varierende storleik som er innsamla i lokalmiljøet.

Engelskmannen Howard Ewans er imidlertid hovud dirigent og dei har knytta til seg fleire dyktige dirigentar. Uskedalingen syns han er kjempeheldig som eindel av dette dyktige korpset og rosar både det sosiale miljøet og dei musikalske utfordringane han får. Han er no inne i den andre sesongen der.

Av Ola Matti Mathisen